

Har du lyst å vere med å utvikle Sunnfjord?

Sunnfjord Utvikling AS har ei ledig stilling som rådgjevar frå 1. august 2019.

Vår jobb er å bidra til ei positiv utvikling av Sunnfjord. Ikkje åleine, men i lag med innbyggjarane, næringslivet og dei tilsette i kommunane Jølster, Naustdal, Førde og Gaular. (Sunnfjord kommune frå 1. januar 2020).

Vi er fem tilsette i selskapet vårt og vi treng deg som er samfunnsengasjert, sjølvstendig og har lyst til å jobbe med mange ulike oppgåver. Blir du tilsett får du hovudansvaret for førstelinjetenesta. Det vil seie oppfølginga av nye etablerarar.

Økonomiforståing er nyttig. Det same er erfaring frå prosjektarbeid og/eller saksbehandling. Men det viktigaste er at du vil noko.

Meir informasjon om Sunnfjord Utvikling finn du på vår heimeside www.sunnfjordutvikling.no

Ring dagleg leiar Rolf Sanne-Gundersen på 970 55 208 dersom du vil vite meir om kvalifikasjonar, arbeidsoppgåver og det du elles er nysgjerrig på. Men ikkje vent for lenge, **søknadsfristen er 26. mai.**

Send ein kortfatta søknad med CV på e-post til rolf@sunnfjord.no

PEAK
SUNNFJORD

SUNNFJORD
UTVIKLING

